



BJØRN OVE AAEN MARTINSEN
TITLAND
5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Svar på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen i produksjonstilskot oktober 2018 - Bjørn Ove Aaen Martinsen

Vi viser til søknaden din om dispensasjon frå søknadsfristen i oktober i produksjonstilskot, samt oversending frå Lindås kommune, dagsett 25. mars 2019.

Vedtak

Fylkesmannen i Vestland gjev føretaket Bjørn Ove Aaen Martinsen, org.nr 969 152 029, dispensasjon frå søknadsfristen 15. oktober 2018 med utvida frist til 29. oktober 2018. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014, samt tilhøyrande rundskriv.

Bakgrunn

Føretaket ditt driv med hald av sau på gbnr 129/2 i Lindås kommune. I mars 2018 hadde føretaket 62 søyer fødd føregåande år eller tidlegare og 1 ver. Du skulle også søkja om tilskot i oktober 2018, men denne vart ikkje sendt inn.

På bakgrunn av at søknad ikkje vart sendt inn i oktober 2018 søkjer føretaket om dispensasjon frå søknadsfristen for del 2 i oktober 2018.

Vurdering

Søknaden om dispensasjon er ikkje dagsett, men oversendingsbrevet til Fylkesmannen er stila 25. mars 2019. Dette er meir enn tre veker etter at du mottok melding om tilskotsutbetalinga. Fylkesmannen hadde kontakt med Lindås kommune 13. mars 2019 om tilfellet ditt, og vi reknar så klaga/ søknad om dispensasjon for å ha komme til kommunen i rett tid.

Jamfør § 9 i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket av 19. desember 2014 kan Fylkesmannen i særlege tilfelle dispensera frå reglane i § 2, § 3 første ledd, andre ledd, tredje ledd bokstav a, b samt fjerde ledd, § 4 første andre og fjerde ledd, § 5, § 6 og § 8 andre og tredje ledd. Det er ikkje høve til å dispensera frå andre reglar enn dei som er lista opp over.



Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfelle». Det tyder at det kun skal innvilgast når det føreligg ein spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta.

Føretaket søkjer om dispensasjon frå § 8 andre ledd i forskrifta.

Det er kun i tilfelle der søkjar har fått dispensasjon frå søknadsfristen at det vil vera mogleg for søkjar å levera søknaden etter fristen.

Det er søkjar sitt eige ansvar å sørgja for at søknaden vert levert i rett tid. Dette gjeld òg nye søkjarar. Søknadsfristen går fram av både av forskrift og jordbruksavtalen, og blir kunngjort kvart år i god tid før søknadsfristen går ut.

Føretaket sendte ikkje inn søknad om produksjonstilskot i oktober 2018. Det vart oppdaga ved utbetaling av tilskot i februar 2019. Fylkesmannen har vore i kontakt med Landbruksdirektoratet som har sjekka aktivitetslogg for føretaket ditt i søknad om produksjonstilskot. Det viser seg at du var inne i søknadsskjema 9. oktober, men at søknaden ikkje vart sendt. Vi er av det syn at du har vore i god tru og trudde du sendte inn søknad og du var ute i god tid før søknadsfristen.

På bakgrunn av grunngjevinga ovanfor gjev Fylkesmannen føretaket ditt dispensasjon frå søknadsfristen i mars 2018.

Klagerett

Føretaket kan klaga på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet, jf. § 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær (e.f)
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ